

Emne: Oppretting av planteam - Detaljreguleringsplan for Hanevika, Sylta, gbnr. 421/2, 11, 47 m.fl.


Dette er ein førespurnad om at mottakarane av dette notatet skal kome med eit svar på kven som skal bidra i eit planteam. Svarfrist vert sett til **16.8.2021**, og kan sendast til e-post: merethe.tvedt@alver.kommune.no Dato for formøte er fredag **20.8.21** og oppstartsmøte **27.8.21**.

Vår referanse: 21/6587 GBNR 421/2, 11, 47 m.fl

Dato: 04.08.21

Ein kort presentasjon av planinitiativet (sjå vedlegg for sjølve planinitiativet):

På vegne av forslagstillar NA/Privat v/Kristoffer J Pettersen fremjar Siv. Ing. Vidar Mjøs planinitiativ for oppstart av planarbeid på gbnr 421/ 2, 11, 47, 78 m. fl ved Hanevika Sylta på Radøy. Området det gjeldt ligg nord på Radøy, ca. 2 km frå Bøvågen.



Figur 1: Utdrag fra Kommuneplanen. Viser Området med tilstøtende Naustområde (N) og Småbåthavn (SB)

Intensjonen med planinitiativet er å leggje til rette bustadføre mål, sjøbuer og flytebrygge og forslagstillar ser for seg 8 nye einebustader, 4-8 sjøbuer og flytebrygge med tilsaman 14 båtplassar i naustområdet, sjå skisse under. Bustadføre målet er på om lag 20 daa og naustområdet med småbåthavn om lag 5 daa.



Vidare vert det lagt opp til tilkomstveg til området frå eksisterande avkøyring frå fylkesveg 409, og forslag til ny veg inn til bustadfeltet og ned til sjøbuene.

Området og tilgrensande eigedomar er bustader, fritidsbustader samt landbruk. Næraste barnehage og skule er i Bøvågen.

Sentrale tema til formøte:

VA, overvatn og sløkkjevattn:

Korleis er VA situasjonen her? Kapasitet, og tilgang til sløkkjevattn, behov for utbetringar? Nokon kjende utfordringar med handtering av overvatn i område?

Vegstandard, tilkomst brann og renovasjon:

Vi krev 4 meters køyrebane som skal tåle 12 tonns akseltrykk. KDP har føresegn om at stigning på tilkomstveg ikkje overstig 1:8. Er det god nok plass for brann og renovasjonsbilar til å manøvrere i område? (Har ikkje teikna inn renovasjonsareal enno).

Ras- og skredfare:

Skal det ved innlevering av planforslag stilles krav om geologisk vurdering av ras- og skredfare, særleg i tilknytning til plassering av bygg og leikeplass?

Barnehage og skulekapasitet:

Hordabø skule har kapasitet? Bø barnehage?

Kulturlandskap og kulturminner:

Kulturminner? Skal det stilles særlege krav til arkitektonisk utforming av bygg og landskap?

Bandleggingssone H710 Naturvern

Henta frå KDP: Innafor området FI/NA ligg to bandleggingssoner for naturvern (H710). Tradisjonelt fiske og naturvern er sidestilt innafor området. Tradisjonelt fiske kan likevel påleggjast naudsynte restriksjonar i samråd med fiskeristyresmakta, jf. pbl.§ 11-11 nr. 3.

Skal det stillast krav korleis ein sikrar at desse omsyna blir ivaretatt.

Uteoppholdsareal og leikeplass:

Det vil vera krav om ein leikeplass her, men er ikkje teikna inn.

Plassering av leikeplass og uteoppholdsareal for den enkelte tomt må opparbeidast i område mest mogleg skjerma frå støy.

Skal det stilles krav om støyanalyse?

Planområdets avgrensing:

Er forslag til planområde sin avgrensing fornuftig eller bør den justerast?

Eg sender invitasjon til formøte og oppstartmøte fortløpande, de vurderer om og kven som deltek.